



# Vang kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dykkar ref.:  
202609565

Vår ref.:  
LUNING -26/477 -3

Arkiv:  
S10, K60, &13

Vår dato:  
28.07.2026

## Høyringsfråsegn - saksnummer 202609565 - Vang kommune

Vang kommune viser til høyring av søknad om mellombels nedtapping av Tyin inntil 3,5 meter under lågaste regulerte vasstand (LRV) i samband med arbeid ved Tyin kraftverk.

Kommunen har forståing for behovet for vedlikehald og oppgradering av viktig kraftinfrastruktur. Samstundes er den omsøkte nedtappinga eit omfattande tiltak som kan få konsekvensar for mellom anna naturmiljø, fiske og reindrift.

### Vang kommune si høyringsfråsegn

#### Tørrlegging av magasinbotn

Kommunen meiner høyringsgrunnlaget i for liten grad synleggjer kor store deler av magasinbotn som blir tørrlagt og kva konsekvensar dette har. Det manglar kart og visualiseringar som viser korleis Tyin vil sjå ut ved vassnivå 3,5 m under LRV. Det er difor vanskeleg å vurdere fullt ut konsekvensane for mellom anna.

- Landskap
- Beitedyr og vilt
- Fisk

#### Fisk

Tyin er eit viktig fiskevatn og er kjend for ein ørretbestand av høg kvalitet. Søknaden omtalar skjoldkreps og vurderer at auka dødelegheit i anleggsåret truleg ikkje vil ha målbare effektar på fiskebestanden. For fjellørret er krepsdyr som skjoldkreps, linsekreps og marflo viktige næringskjelder, og slike krepsdyr bidreg òg til den karakteristiske raudfargen som er kjend for fisk frå Tyin. Det må sikrast oppfølging av fiskebestand og fiskekvalitet samt næringsdyr både før og etter gjennomføring av tiltaket.

Ørreten gyter om hausten, og egga klekker normalt etter om lag fem månader, avhengig av vasstemperaturen. Klekking og den første levetiden for yngelen vil dermed falle saman med perioden der nedtappinga er planlagt gjennomført. Vang kommune ber difor om ei nærare vurdering av korleis tiltaket kan påverke klekking, overleving og rekruttering til fiskebestanden i Tyin.

### Reindrift

Kommunen viser til innspel frå FRAM reinlag. FRAM reinlag bør involverast i det vidare arbeidet med saka.

### Verknader utover ordinær regulering

Ei nedtapping under lågaste regulerte vasstand går utover føresetnadene for den ordinære reguleringa av Tyn. Dersom tiltaket medfører ulemper eller skadeverknader utover det som ligg til grunn for dagens regulering, meiner kommunen at det bør vurderast om dette utløyser særskilde avbøtande tiltak eller økonomisk kompensasjon.

### Eksisterande kompensasjonsordningar

Vang kommune ber NVE stadfeste at den omsøkte nedtappinga ikkje vil påverke grunnlaget for framtidige berekningar av konsesjonsavgifter, konsesjonskraft eller andre kompensasjonsordningar som følgjer av gjeldande konsesjonar og avtalar. Dersom tiltaket kan få konsekvensar for slike ordningar, må dette gjerast greie for i den vidare saksbehandlinga.

Med helsing

Ingeborg Lunde

Kommunalsjef landbruk og teknisk

Dir. tlf.: 992 30 305

E-post: ingeborg.lunde@vang.kommune.no

**Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.**